

# Idrettslag og ideelle organisasjonar – plikter som arbeidsgjevar



# Innleiing

Idrettslag og ideelle organisasjonar går ofte under nemninga «ikkje skattepliktig». Det er eit vilkår at laget eller organisasjonen «ikkje har erverv til formål».

Organisasjonen har likevel plikter som arbeidsgjevar. Organisasjonar og lag over ein viss størrelse kan ha årsrekneskapsplikt og bokføringsplikt. Dersom organisasjonen ikkje er bokføringspliktig, skal den føre ei lønningsliste for kvar mottakar av lønn eller anna godtgjering slik at lønnsopplysningar kan bli gitt i A-melding og bli kontrollert av Skatteetaten.

Alle må ha eit organisasjonsnummer. Dette får laget tildelt ved å kontakte Enhetsregisteret.

Meir informasjon om skatt, rekneskaps- og bokføringsplikt, og arbeidsgjevarplikter finn du på:

<https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/rapportering-og-bransjer/bransjer-med-egne-regler/frivillige-og-ideelle-organisasjoner/skatt-for/>



# Generelle nemningar

## **Arbeidsgjevar**

er nemninga på idrettslaget eller organisasjonen når dei utbetalar godtgjering for arbeid eller innsats. Organisasjonen er ikkje arbeidsgjevar dersom personen som mottok godtgjeringa utfører arbeidet som del av eiga næringsverksemd.

## **Arbeidstakar**

er nemninga på medlem eller den tilsette som mottok godtgjeringa.

## **Lønn eller naturalytingar**

er nemninga på den godtgjeringa som medlem eller den tilsette mottok for arbeid eller innsats utført for organisasjonen. Naturalytingar er ein økonomisk fordel som vert gitt i anna form enn pengar.

## **Utgiftsgodtgjering**

er nemninga på den godtgjeringa som kan utbetalast for å dekkje meirutgifter som medlem eller den tilsette har ved å utføre arbeid eller innsats for organisasjonen.

## **Trekkfri utgiftsgodtgjering**

vil seie at utgiftene er legitimert med reiserekning eller at godtgjeringa vert utbetalt i samsvar med satsar, legitimasjonskrav og tariffavtale/statleg regulativ.

# Særreglar for idrettslag og ideelle organisasjonar

## **Skatteplikt for arbeidstakar**

Når samla lønnsutbetaling (inkludert naturalytingar) til ein person i løpet av året overstig kr 10 000, er arbeidstakaren skattepliktig for heile beløpet.

## **Forskotstrekk**

Når samla lønnsutbetaling (inkludert naturalytingar) i løpet av året overstig kr 10 000, pliktar arbeidsgjevar å trekkje forskotstrekk av lønna til arbeidstakaren.

Det skal ikkje trekkjast skatt av trekkfri utgiftsgodtgjering til dekning av meirutgifter for eit medlem/ein tilsett sin innsats for organisasjonen.

## **Lønn – innrapportering**

Når samla lønn overstig kr 10 000 skal arbeidsgjevar innrapportere heile beløpet som trekkpliktig lønn.

## **Trekkfri utgiftsgodtgjering- innrapportering**

Trekkfri utgiftsgodtgjering inntil kr 10 000 til dekning av meirutgifter til eit medlem/ein tilsett sin innsats for organisasjonen, treng ikkje innrapporterast. Det må dokumenterast at utbetalinga gjeld ei trekkfri utgiftsgodtgjering. Dersom ikkje skal den bli rekna som lønn.

Dersom trekkfrie utgiftsgodtgjeringar til ein person overstig kr 10 000 per år, skal likevel heile utbetalinga bli innrapportert, dvs. som trekkfri (og skattefrie) godtgjering.

## **Skattefrie dekning av arbeidsreise**

Ideelle organisasjonar kan dekkje arbeidsreiser skattefritt, dersom resterande lønn og naturalytingar frå organisasjonen ikkje overstig kr 70 000.

Det vil seie at laget har moglegheit til å dekkje transport for eksempel mellom heim og treningsstad for trenar, utan at det vert skattepliktig. Det er eit vilkår for skattefritak at bilgodtgjeringa ikkje overstig Skattedirektoratet sine satsar for skattefrie bilgodtgjeringar. I tillegg må bilgodtgjeringa bli legitimert ved korrekt utfylt reiserekning av arbeidstakaren. Ved refusjon av reiserekning må kvittering leggjast fram.

Grensa på kr 70 000 er absolutt. Overstig summen av ytingane kr 70 000, er all dekning av arbeidsreise skattepliktig.

## **Skattefrie dekning av arbeidsreise - innrapportering**

Sjølv om arbeidsreisa ikkje er skattepliktig, skal den innrapporterast som trekkfri bilgodtgjering, dersom utbetalinga overstig kr 10 000 pr. år.

## **Arbeidsgjevaravgift**

Laget pliktar å betale arbeidsgjevaravgift når lønnsutbetaling (inkludert naturalyting) overstig kr 70 000 per medlem/tilsett per år, eller kr 700 000 samla for heile organisasjonen per år. Utbetalingar under desse beløpa er fritekne for arbeidsgjevaravgift.

# Skattedirektoratets satsar for 2018

## – skattefri utgiftsgodtgjering

**Bilgodtgjering** 3,50 per km

### Kostgodtgjering – innanlands

#### For dagsreiser på minst 15 km:

Frå og med 6 timar inntil 12 timar  
utan dokumentasjon sats kr 289,-

---

For reiser over 12 timar utan dokumentasjon sats kr 537,-

---

#### For reiser med overnatting på hotell:

Ved reiser 12 timar eller meir hotellsats kr 569,-

---

**VIKTIG!** Utbetaling av desse satsane utan forskotstrekk, gjeld berre når legitimasjons- og dokumentasjonskrav er oppfylt. Det vil si at reiserekning er korrekt utfylt.

Satsane vert oppdatert årleg, sjå <https://www.skatteetaten.no/satser/>

# Innrapportering av lønn/ytingar

## **Månadleg innrapportering på A-melding**

Dersom laget har utbetalningar som medfører plikt til å gjennomføre forskotstrekk, betale arbeidsgjevaravgift, eller innrapportere utbetalningar som ikkje er trekk- og avgiftspliktig, skal dette innrapporteras i A-melding kvar månad.

A-melding (A01) skal sendast elektronisk, enten via lønns- og personalsystem eller via Altinn-portalen. I Altinn finn ein A-melding under "Skjema og tenestar".

## **Berre små, enkeltstående utbetalningar?**

Dersom laget berre har hatt små, enkeltstående utbetalningar, kan ein bruke skjema A05 som er ei forenkla rapporteringsordning.

Nærmare informasjon om A-meldinga samt rettleiing for innrapportering kan du finne på [www.altinn.no](http://www.altinn.no)

# Vær i forkant – spør oss først!

Kemneren i Fjell, Sund og Øygarden ønsker å være ein samarbeidspartner. Vi er her for deg. Ta kontakt med ein gong det oppstår usikkerheit rundt regelverket!

**Ta kontakt** på tlf. 55 09 63 40 / [skatt@fjell.kommune.no](mailto:skatt@fjell.kommune.no)

